



# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2034

## Volda kommune

Vedteken av Volda kommunestyre 24.11.2022 sak 88/22

(Dette dokumentet er eksportert frå nettsida: <https://pub.framsikt.net/plan/volda/plan-5be1f7d2-0024-4f33-9fb0-7d80cb408f95-25848/#/>)

## 1 Forord og innleiing

### 1.1 Forord ved ordførar

Volda kommune skal vere ein god stad å bu, arbeide og besøkje med eit levande lokalsamfunn utvikla i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Vi er ei kommune i vekst, det skjer mykje og vi ser fram til vidare utvikling. For å styrke og vidareutvikle den regionale posisjonen vår, treng vi eit lokalsamfunn som er attraktivt for busetnad, næringsutvikling, handel og tenesteyting. For å få ei god utvikling, treng vi framtidssretta og gjennomtenkte strategiar å styre etter, som også gjer kommunen til ein føreseieleg og tydeleg aktør som både innbyggjarar og tilsette opplever tillit til.

Gjennom samfunnsplanen tek vi stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Vår nye samfunnsplan dreg opp dei store langsiktige linene med eit fundament i FN sine 17 berekraftsmål og den er delt inn i fire satsingsområde som representerer dei tre berekraftsdimensjonane og kommunen som organisasjon. Gjennom desse fire satsingsområda skal ein styrke engasjement for at Voldasamfunnet vert utvikla til det beste for den einskilde i åra som kjem. Satsingsområda og dei tre berekraftsdimensjonane er knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar og vil ha stor innflytelse på alt det kommunen vil prioritere i tida framover.

Klimaendringane er ei av dei store utfordringane samfunnet står overfor i dag og Volda kommune må vere med på den grønne omstillinga og redusere klimagassutsleppa. For å nå reduksjonsmåla må vi legge til rette for at minst mogleg ressursar går tapt i kretsløpet. Arealplanlegging vere også eit viktig verkemiddel for å redusere transportbehovet og ta vare på areal som bidreg positivt til klimagassopptaket. Og vi må ruste oss slik at infrastrukturen vår toler klimaendringane.

Ei stor utfordring for oss som samfunn er den demografiske utviklinga. Vi vert relativt fleire eldre og færre yngre i samfunnet. Vi må skape eit aldersvenleg samfunn og gjere strategiske grep for å møte utfordringane. Dette vil vere på dagsorden i åra som kjem. Omstilling er krevjande, men vil vere nødvendig.

Å føle seg trygg, oppleve at ein høyrer til og trivast, er grunnleggjande for å ha ein god oppvekst og eit godt liv i alle aldrar. Gode oppvekstvilkår for barn og unge som gir grunnlag for å oppleve å meistre og verte inkludert i fellesskapen, er eit av dei viktigaste førebyggjande tiltaka vi kan gjere. Det er eit avgjerande bidrag til god folkehelse, til verdiskaping og til at vi faktisk får dei hendene og den arbeidskrafta vi treng i møte med dei demografiske utfordringane. Tiltak for å utjevne sosiale forskjellar for å redusere utanforskap seinare i livet er tema som må vere på dagsorden i planperioda. Innbyggjarane i kommunen skal kunne kjenne seg trygge på at dei får nødvendig og rett hjelp når behovet er der.

For å oppnå vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, må vi legge til rette for arbeidsplassar og busetnad, for kulturliv og gode opplevingar. Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for å oppretthalde Volda kommune sin regionale funksjon og må difor vidareutviklast med vekt på kvalitet i fortetting og transformasjon. Lokalsenter og levande bygder er like viktige for å sikre busetjing i heile kommunen, sikre matproduksjon og for å utvikle kommunane som reiselivsdestinasjon. Vi treng eit sterkt sentrum og levande bygder med kvalitetar som utfyller kvarandre. Samfunnsutvikling kan ingen klare aleine, det kan vi berre skape gjennom samarbeid mellom frivillige, næringsliv, kommuneorganisasjonen, tilsette, innbyggjarar og andre.

*Sølvi Dimmen, ordførar, 29.06.2022*

## 1.2 Innhald og navigering

Oversikt over dei ulike kapitla i planen:


1. **Forord og innleiing** - forord, innhald og tips til navigering
2. **Rammer og føringar** - oversikt over sentrale nasjonale, regionale og lokale rammer og føringar
3. **Prosess og medverknad** - planprogram, organisering av arbeidet og resultat frå gjennomførte medverknadsprosessar
4. **Utviklingstrekk** - tal og statistikk, utdrag frå kunnskapsgrunnlaga og oversikt over sentrale utviklingstrekk
5. **Satsingsområde** - planen sine fire satsingsområde med hovudmål og delmål, som skal ha ekstra merksemd og ressursar i planperioden
6. **Indikatorar** - for å kunne følgje med på om utviklinga går i ynskja retning
7. **Arealstrategiar** - som skal bidra til at måla i samfunnsdelen vert følgt opp i arealdelen
8. **Oppfylging og strategiar for å lukkast** - om korleis målsettingane skal følgjast opp i andre planar, og strategiar for korleis ein skal jobbe for å lukkast

## 2 Rammer og føringar

### 2.1 Bakgrunn

1. januar 2020 vart Volda og Hornindal kommunar slått saman til ein kommune, og det vart gjort ei grensejustering med Ørsta kommune, slik at bygdene Bjørke og Viddal også høyrer til i den nye kommunen. Etter kommunesamanslåinga var det behov for ein ny, felles kommuneplan. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2024 vart det vedteke at ein skulle starte på ny samfunnsdel i 2021.

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Det er viktig at det er ein god kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, og arealstrategiane i samfunnsdelen skal ligge til grunn for seinare revisjon av arealdelen. Plan- og bygningslova legg opp til at samfunnsdelen skal vere eit tydeleg strategisk styringsdokument. Planen legg difor også føringar for vidare arbeid med kommunedelplanar, temaplanar, handlingsplanar og økonomiplanen, som vist i figuren under.



Det kommunale plansystemet.

### Om kommuneplan

Om kommuneplan i plan- og bygningslova § 11-1: "Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig."

### Om kommuneplanen sin samfunnsdel

Om samfunnsdelen i plan- og bygningslova § 11-2 og 11-3: "Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategiar for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunen egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private. Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen."

### Om kommuneplanen sin handlingsdel



Handlingsdelen si rolle i kommuneplanen.

Om handlingsdelen i plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-3: "Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig." "Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer."

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsprogrammet inneheld årlege prioriteringar, og skal reviderast kvart år

saman med budsjett og økonomiplan, sjå figur over. Handlingsdelen skal vise kva kommunen ynskjer å gjennomføre dei neste fire åra. Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere eit viktig grunnlagsdokument i vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.

### Om kommuneplanen sin arealdel

Om arealdelen i plan- og bygningslova, §11-5: "Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk." Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi grunnlaget for prioriteringar i arealdelen, og inneheld mellom andre arealstrategiar som skal ligge til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

## 2.2 Nasjonale føringer

### Nasjonale forventningar til kommunal planlegging 2019–2023

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ein berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunanes og kommunanes arbeid med planstrategiar og planar. Følgjande fire utfordringar er vektlagt i gjeldande forventningsdokument:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor forventa at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. [Lenke til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023.](#)


### FNs berekraftsmål som grunnlag for kommunal planlegging

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Berekraftmåla bygger på tre dimensjonar som må sjåast i samanheng for å oppnå ei berekraftig utvikling:

- **Den økonomiske dimensjonen** handlar om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. I verda i dag er det aukande forskjellar mellom fattige og rike. Jamn fordeling av ressursar og god og trygg tilgang på offentlege tenester er viktige føresetnader for eit fredeleg og rettferdig samfunn. I tillegg til å fordele meir rettferdig, må vi også sikre ein sokalla grøn vekst, som både sikrar menneska sine behov, og samtidig held seg innanfor naturen sine tolegrensar.
- **Den sosiale dimensjonen** handlar om at alle menneske skal få eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Den sosiale dimensjonen seier noko om korleis menneske har det i eit samfunn, om dei får oppfylt rettighetene sine, og om dei har moglegheit til å påverke eigne liv og samfunnet dei lev i. Utdanning, likestilling, kulturelt mangfald, anstendig arbeid og eit godt helsetilbod er viktige aspekt.
- **Miljø- og klimadimensjonen** handlar om å utvikle samfunnet si evne til å ta i vare naturen som ein fornybar ressurs for menneska både no og i framtida. Livsgrunnlaget til verda si befolkning er avhengig av naturen. Klimagassutsleppa representerer i dag ein stor trussel mot berekraftig utvikling. Miljø- og klimadimensjonen krev umiddelbar innsats for å unngå klimaendringar som fører til naturkatastrofar, øydelegging av næringsgrunnlag og øydelegging av økosystem.

Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og for å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærast befolkinga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er dei ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkinga. Regjeringa legg vekt på at arbeidet med å realisere berekraftmåla blir sikra brei forankring gjennom den regionale og kommunale planlegginga. [Lenke til FNs berekraftsmål.](#)



FN sine 17 bærekraftsmål og dei tre bærekraftdimensjonane: økonomi, sosiale forhold og klima og miljø.

### Andre nasjonale føringer

Sentrale lover og retningslinjer som legg føringer for kommunal planlegging:

- [Lov om folkebibliotek \(folkebibliotekloven\)](#)
- [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#)
- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\)](#)
- [Lov om friluftslivet \(friluftsloven\)](#)
- [Lov om havner og farvann \(havne- og farvannsloven\)](#)
- [Lov om jord \(jordlova\)](#)
- [Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelsesloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom \(konsesjonsloven\) mv.](#)
- [Lov om kulturminner \(kulturminneloven\)](#)
- [Lov om likestilling og forbud mot diskriminering \(likestillings- og diskrimineringsloven\)](#)
- [Lov om nasjonal sikkerhet \(sikkerhetsloven\)](#)
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#)
- [Lov om skogbruk \(skogbrukslova\)](#)
- [Lov om sosiale tenester i NAV \(sosialtjenesteloven\)](#)
- [Lov om vassdrag og grunnvann \(vannressursloven\)](#)
- [Lov om vern mot forurensninger og om avfall \(forurensningsloven\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag \(kgl.res. av 10.11.94\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)
- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen \(kgl.res. av 28.05.21\)](#)

- [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning \(kgl.res. av 28.09.18\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging \(kgl. res. av 26.09.14\)](#)
- [Berekraftige byar og sterke distrikt. Meld. St. 18 \(2016–2017\)](#)
- [Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner. Meld. St. 14 \(2014–2015\)](#)
- [Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords. Meld. St. 9 \(2011–2012\)](#)
- [Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre. Meld. St. 15 \(2017–2018\)](#)
- [Miljøkriminalitet. Meld. St. 19 \(2019–2020\)](#)
- [Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Meld. St. 26 \(2006–2007\)](#)
- [Samfunnssikkerhet i en usikker verden. Meld. St. 5 \(2020–2021\)](#)
- [Nasjonal transportplan 2022–2033 \(NTP\)](#)
- [Forskrift om konsekvensutretninger for planer etter plan- og bygningsloven \(FOR 2017-06-21-854\)](#)
- [Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023: Rom for demokrati og dannelse](#)
- [Nasjonal jordvernstrategi. Prop. 1 S \(2018–2019\)](#)
- [Jordbruksoppjøret 2022. Prop. 120 S \(2021–2022\)](#)
- [Retningslinje for behandling av luft i arealplanlegging \(T-1520\)](#)
- [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging \(T-1442\)](#)
- [Handlingsplan mot forebygging av kriminalitet \(2013–2016\), Justis- og beredskapsdepartementet](#)
- [Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene \(NOU 2020:15\)](#)

## 2.3 Regionale føringar

Regionale planar kan gjelde for heile regionen, delar av regionen eller vere tematisk for meir avgrensa samfunnsområde. Fleire regionale planar og føringar er relevante for Volda kommune:

- [Regional planstrategi](#)
- [Fylkesplan 2021–2024](#)
- [Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde](#)
- [Regional delplan for klima og energi](#)
- [Regional delplan for attraktive byar og tettstadar](#)
- [Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion](#)
- [Regional delplan for kulturminne](#)
- [Regional delplan for museum](#)
- [Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023–2026](#)
- [Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023–2026](#)
- [Fagplan bibliotek](#)

## 2.4 Lokale føringar

### Slagord og verdiar

Volda kommune sitt slagord er *Der teknologi og tradisjon møtest*. Kommunen har ein sterk historikk og gode tradisjonar. Kommunen ser også framover mot ei stadig teknologisk utvikling med stort fokus på å digitalisere samfunnet. Volda kommune sine grunnleggande verdiar er raus, modig, kompetent og lærande. Våre felles verdiar skal vise veg og vere ei rettesnor i alt vårt arbeid. Våre felles verdiar skal drive oss framover, gjere oss tydelege og hjelpe oss med å ta avgjerder i kvardagen. Verdiane våre er også eit framtidsbilde på korleis vi ønskjer å vere. Noko å strekke seg etter.



Volda kommune sine fire verdiar.

### Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi for Volda kommune 2020–2024 inneheld føringar for vidare arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med planstrategien vart det starta opp ein prosess knytt til FN sine berekraftsmål. Alle berekraftsmåla skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. I planstrategiprosessen vart det valt ut sju mål som skal prioriterast særleg høgt.





Berekrftsrosa, Volda kommune.

Alle dei 17 berekraftmåla ligg til grunn for organisasjonen, jf. figuren over. Saman med kommunen sine fire verdiar; raus, modig, kompetent og lærande representerer mål 13 Stoppe klimaendringane, mål 16: Fred, rettferd og velfungerande institusjonar og mål 17 Samarbeid for å nå måla eit viktig verdigrunnlag. I tillegg er mål 3 God helse og livskvalitet, mål 4 God utdanning, mål 9 Industri, innovasjon og infrastruktur og mål 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn mål kommunen ynskjer å ha ekstra merksemd på. Dei prioriterte berekraftmåla representerer alle dei tre dimensjonane; økonomi, miljø og sosiale forhold. Sjølv om kommunen har valt å ha ekstra merksemd på utvalte mål, vil det vere viktig å sjå samanhengen mellom alle måla, og ta i vare alle dei tre dimensjonane. Det er samanhengen mellom måla og dei tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig.

### Lokale planar og kunnskapsgrunnlag

Andre sentrale planar og kunnskapsgrunnlag for samfunnsdelen:

- [Budsjett- og økonomiplan](#)
- Heilheitleg ROS-analyse
- [Kunnskapsgrunnlag klima og miljø](#)
- [Folkehelseoversikta](#)
- [Tilstandsrapport Barn og unge 2021](#)


- [Statistikk og utviklingstrekk - Volda 2020](#)
- [Kommunefakta, Volda - SSB](#)
- [Ungdata, Volda](#)
- [U4SSC-rapport: Kor berekraftig er Volda kommune?](#)
- [Kommuneplanar og kommunedelplanar](#)
- [Digitaliseringsprogram Volda kommune 2020](#)

## 3 Organisering, prosess og medverknad

### 3.1 Planprogram

Planprogrammet for samfunnsdelen var sendt på høyring våren 2021 og godkjent av kommunestyret 16.06.2021. Lenke til [Planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel](#).

### 3.2 Organisering



Figuren over viser organiseringa av planarbeidet. Det er kommunestyret som har gjort dei politiske vedtaka vedrørende planarbeidet, jf. plan- og bygningslova. Formannskapet har vore planutval og kommunedirektøren har vore prosjektansvarleg. Kommunedirektøren si leiargruppe har vore den administrative styringsgruppa, og kommuneplanleggar har vore prosjektleder. Det har vore gjennomført fleire ulike medverknadsprosessar knytt til kommuneplanarbeidet, med mål om å sikre engasjement, brei deltaking og aktiv involvering. Oppsummeringar frå dei ulike prosessane og innspel frå ulike aktørar er tilgjengeleg i oversikta under. Medverknadsprosessane har vore ein viktig del av planarbeidet, og innkomne innspel er nytta aktivt i utarbeidinga av planen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore tema både på møter og samlingar med formannskapet og kommunestyret undervegs i prosessen. Ungdomsrådet, elderrådet og andre råd og utval har fått informasjon om planarbeidet undervegs og delteke i medverknadsprosessar.

Internt i organisasjonen har sektorane vore involvert på ulike måtar, og kommuneplanen sin samfunnsdel har vore tema både på sektormøter og fellessamlingar med sektorane samla. Folkehelsekoordinator, plan- og miljørådgjevar, landbruk og andre nøkkelpersonar i administrasjonen har utarbeida kunnskapsgrunnlag, vore med i arbeidsgrupper knytt til bestemte tema og/eller delteke i planlegging og gjennomføring av ulike medverknadsprosessar.

### 3.3 Medverknad - innspel til planarbeidet

**Innspel frå dei unge - brev frå skuleelevar og resultat frå samling med Ungdomsrådet i Volda.**

- [Brev til ein polititar frå 4. klasse ved Bratteberg skule](#)
- [Kva meiner ungdomsrådet?](#)

**Innspel frå dei eldre** - samling med eldrerådet i Volda kommune

- [Aldersvenleg samfunn - innspel frå dei eldre til kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

**Innspel frå næringslivet** - nyttårsfrukost med næringslivet, arrangert i samarbeid med Volda næringsforum

- [Innspel frå næringslivet til kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

**Innspel frå lag og organisasjonar** - samling på Samfunnshuset med lag og organisasjonar

- [Innspel frå lag og organisasjonar til kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

**Innspel frå grendautvala** - samling på Samfunnshuset med grendautvala

- [Innspel frå grendautvala til kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

**Folkestemma** - digital spørjeundersøking innbyggjarar i Volda kommune

- [Folkestemma](#)

**Lokaldemokratiundersøking** - resultat undersøking til folkevalte og innbyggjarar, gjennomført av KS

- [KS - Lokaldemokratiundersøking - Resultat](#)
- [KS - Lokaldemokratiundersøking - Resultat innbyggjardelen](#)
- [Presentasjon resultat lokaldemokratiundersøkinga](#)

**Tilflyttarar og tilbakeflyttarar** - medverknadsprosess gjennomført i samarbeid med studentar frå Høgskulen i Volda

- [Spørjeundersøking tilflyttarar og tilbakeflyttarar](#)
- [Intervju tilflyttarar og tilbakeflyttarar Dalsfjorden](#)
- [Intervju tilflyttarar og tilbakeflyttarar Austefjorden](#)

**Politisk involvering** - dagssamling med kommunestyret. Tema: kommuneplanen sin samfunnsdel.

- [Dagssamling med kommunestyret 02.09.2021 - innspel](#)

**Regionalt planforum** - møte i Regionalt planforum, Fylkeshuset i Molde 1. juni 2022

### 3.4 Animasjonsfilmar


**Animasjonsfilmar**

Animasjonsselskapet Raindog Studios har på oppdrag frå Volda kommune produsert fem animasjonsfilmar knytt til kunnskapsgrunnlaget og planarbeidet. Filmane har mellom anna vore nytta i ulike medverknadsprosessar.

- **Kva trur du vi samskaper om i framtida?** Sjå filmen [Samskapingskommunen](#)
- **Kva er det som gjer at du trivst i lokalmiljøet ditt?** Sjå filmen [Berekraftig lokalsamfunn](#)
- **Korleis kan vi redusere klimagassutslepp i vårt lokalmiljø?** Sjå filmen [Stoppe klimaendringane](#)
- **Korleis kan ditt nærmiljø bli ein enda betre stad å bu og vekse opp?** Sjå filmen [God oppvekst](#)
- **Kva meiner du er viktig for å utvikle eit aldersvenleg samfunn?** Sjå filmen [God helse og livskvalitet](#)

## 4 Utviklingstrekk

### 4.1 Volda kommune - kort fortalt



Kort fortalt, Volda kommune 2022.

Folketalet i kommunen er stigande. Det er først og fremst innvandring som sikrar den positive utviklinga, og det er i hovudsak i Volda tettstad, Mork og Grodås folketalet stiger. Tal for pendling inn og ut av kommunen viser at det er høg utveksling av arbeidskraft mellom Ørsta og Volda, og dei to kommunane er definert som ein bu- og arbeidsmarknadsregion. Samla sett utgjer Volda og Ørsta «den fjerde byen» i Møre og Romsdal fylke, og fleire regionale funksjonar som sjukehus, høgskule, jordskifte, tingrett, Statens lånekasse, HELFO, vegstasjon og flyplass er lokalisert her.

18,5 % av innbyggjarane bur på landbrukseigedomar, og landbruk er ei viktig næring. Dei siste åra har lokal matproduksjon og mattryggleik fått auka merksemd. I kommunen er det eit variert industrimiljø med verkstad-, trevare-, næringsmiddel- og teknoindustri. Sysselsettinga innan akvakultur er aukande. Både handels- og reiselivsnæringa har potensiale for utvikling og vekst.

Det vil i åra framover vere færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbygger 80 år og eldre. Dette vil påverke kommunale tenester, som til dømes helse og omsorg, kultur- og fritidsaktiviteter og økonomi. Det vil også påverke kommunen sin bustadpolitikk. Stadig fleire bur i tomannsbustader eller rekkehus, kjedehus og andre bygg med fleire enn tre bustader. Tal åleinebuande aukar både lokalt og nasjonalt. Dette kan sjåast i samanheng med einsemd som ei aukande folkehelseutfordring.

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor. I Volda kommune er det venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, regnflaum, skred og stormflod. Klima- og miljøutfordringane krev både at vi reduserer våre utslepp og at vi tilpassar oss klimaendringane som

vi veit kjem. Volda kommune har høgare valdeltaking enn snittet for både fylket og landet, men det er få kvinner i kommunestyret. Eit levande lokaldemokrati med aktive medborgarar og god representasjon i politiske organ er viktig for det samla norske demokratiet. Volda kommune si lånegjeld veks, disposisjonsfondet vert redusert og kapitalkostnadar stel meir og meir av dei frie inntektene. Kommunen må jobbe for å få ein berekraftig økonomi.

Les meir i dokumentet [Statistikk og utviklingstrekk](#) og [SSB sine sider med kommunefakta om Volda](#).

Naturen, turmoglegheiter, fritidsaktivitetar og fellesskapet er kvalitetar som vert trekt fram når innbyggjarane vert spurt om kva som gjer at dei trivst i lokalmiljøet sitt. I Volda kommune kan ein utforske storslåtte fjell, bade i fjellvatten, fiske på fjorden eller sjå etter sjøorm i Europas djupaste innsjø; Hornindalsvatnet. Mange har kort veg til eit nærturområde. Det er også eit mangfald av lag og organisasjonar og mange frivillige som på ulike måtar er viktige drivkrefter for å skape trivsel, bulyst og levande lokalsamfunn i heile kommunen.


## Kva er det som gjer at du trivst i lokalmiljøet ditt?



Resultat frå spørjeundersøkinga "Folkestemma", medverknadsprosess 2022.

Kva er det som gjer at du trivst i lokalmiljøet ditt? Sjå filmen [Berekraftig lokalsamfunn](#)

## 4.2 Folkehelseoversikta



Folkehelseoversikta kort fortalt. Volda kommune 2021.

Det vil i åra framover vere færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar 80 år og eldre. Del eldre i befolkninga aukar i heile landet, og befolkningsframskrivingane viser at det i 2030 for fyrste gong vil vere fleire eldre enn barn i Noreg. At det vert fleire eldre som lever lenger er ei ynskja utvikling og viktig helsemål. Folkehelseutfordringa er korleis samfunnet og den enkelte kan legge til rette for at flest mogleg opplever fleire funksjonsfriske leveår. Tidleg innsats, bustadplanlegging, aldersvennlege samfunn og velferdsteknologi er område som kan vere med på å sikre ei berekraftig velferdsutvikling.

Del barn i hushald med vedvarande låg inntekt aukar i heile landet, også i Volda kommune. Barn i hushald med vedvarande låg inntekt og med færrest sosioøkonomiske ressursar har større risiko for å felle ut av skule og arbeidsliv. Jo fleire ressursar ein familie har tilgjengeleg, jo betre fysisk og psykisk helse kan barnet forvente å ha gjennom livsløpet. Tiltak for å redusere sosiale skilnader vil vere viktig.

Det er fleire elevar som fullfører vidaregåande skule i Volda kommune, enn snittet for fylket og landet. Ungdataundersøkinga viser at ungdom har ein sunn livsstil, men er plaga av depressive symptom og einsemd. Einsemd er også ei aukande folkehelseutfordring i andre aldersgrupper. Tal åleinebuande aukar både lokalt og nasjonalt, noko som kan vere relevant å sjå i samheng med einsemd som ei aukande folkehelseutfordring.


Berre 3 av 10 vaksne er aktive nok. Ein større prosentdel av befolkninga er overvektige i Volda kommune, samanlikna med landssnittet. Dette gjeld både ved sesjon, for gravide kvinner og for barn og unge. Tal hoftebrot i Volda kommune er over både fylkes- og landssnittet. Noreg er dessutan i verdstoppen når det gjeld hoftebrot. Eit hoftebrot kostar om lag 550 000 kr i helse og rehabilitering det fyrste året, samfunnsøkonomisk har ein difor mykje å spare på førebygging. Levealderen for kvinner er 7. høgast i landet.

Volda kommune har høgare valdeltaking enn snittet for både fylket og landet, men det er få kvinner i kommunestyret. Eit levande lokaldemokrati med aktive medborgarar og god representasjon i politiske organ er viktig for det samla norske demokratiet.

Les meir i [Folkehelseoversikta](#).

**Korleis kan ditt nærmiljø bli ein enda betre stad å bu og vekse opp?** Sjå filmen [God oppvekst](#)  
**Kva meiner du er viktig for å utvikle eit aldersvenleg samfunn?** Sjå filmen [God helse og livskvalitet](#)

### 4.3 Klima - kunnskapsgrunnlag



Klima - kunnskapsgrunnlaget kort fortalt, Volda kommune 2022.

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor i dag. Dei statlege planretningslinjene for klima og miljø stiller krav om at samfunnet må omstille seg, slik at vekst og utvikling skjer innan naturen sine tolegrensar. Ein må velje produkt og tenester som gir mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn dei vi brukar i dag. Dette tyder at samfunnet må igjennom eit grønt skifte. Dette vil vere krevjande, men fullt mogleg.

Jordbruk, vegtrafikk og sjøfart er dei tre største kjeldene til klimagassutslepp i Volda kommune. Samordna bustad-, areal og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel for å redusere utslepp knytt til transport. Det inneber at bygningar og infrastruktur vert lagt med korte avstandar mellom kvarandre, slik at transportbehovet vert redusert. Tal elbilar i kommunen er aukande, som i resten av landet. Elektrifisering av ferjesambanda er under arbeid og er venta å redusere utsleppa frå sjøfart.

216 daa dyrka og dyrkbar jord vart omdisponert i periode 2017-2021. Matjord er ein knapp og ikkje-fornybar ressurs. Klimautfordringane vil endre føresetnadene for matproduksjon over heile kloden. Krig og uro i Europa påverkar også tilgangen på mat. Nok mat, trygg mat, kortreist mat og god mat er ein viktig del av innbyggjarane sin livskvalitet. Landbruksnæringa er også ei viktig næring i kommunen.

Skog og arealbruk spelar ei viktig rolle for klima, og kan gje både utslepp og opptak av klimagassar. Skog, utmark, vatn, myr og beite står for opptak av 62 237 CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i Volda kommune. Frå 2010-2015 gjekk netto opptak ned med 20 %. Utbygging (og avskoging) og drenering av myr er døme på tiltak som reduserer opptak av klimagassar.

Noreg har forplikta seg til å redusere utslepp av klimagassar med 50-55% innan 2030. I 2050 skal Noreg vere eit lågutsleppsamfunn. Frå 2009-2020 gjekk klimagassutsleppa i Volda kommune ned med 2,4 %.

Sjølv om vi jobbar for å redusere klimagassar framover, vil temperaturen stige. Allereie i dag ser ein klimaendringane mange stader i verda. Klimaprofilen for Møre og Romsdal viser at vi her lokalt kan vente oss vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, regnflaum, skred og stormflod i åra framover. Men klimautfordringane er meir enn det som skjer fysisk og direkte her. Klimaendringane råkar heile verda, og ein ser allereie konsekvensar som tap av landområde, tørke, svolt og tap av biologisk mangfald.

FN sitt naturpanel peikar på at tap av natur er ein like stor trussel mot verden som klimaendringane. Vi er avhenging av naturen for å ha ein velfungerande økonomi, for å ha levebrød, mattryggleik og god helse. Over 2000 artar er utrydningstrua i Noreg og endring i arealbruk er den største trusselen mot biologisk mangfald. Gjennom nedbygging av natur, landbruk og skogbruk er naturlege økosystem redusert dramatisk.

Dei indirekte konsekvensane knytt til klimaendringar og tap av natur, som nye flyktningstraumar, endringar i den globale økonomien, svekka matvaretryggleik og handelsendring er noko både Noreg og Volda kommune må førebu seg på.

**Korleis kan vi redusere klimagassutslepp i vårt lokalmiljø?** Sjå filmen [Stoppe klimaendringane](#). Les meir i dokumentet [Kunnskapsgrunnlag Grøn omstilling, Volda kommune 2022](#)

## 5 Satsingsområde

Denne planen inneheld fire satsingsområde:

- Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn
- Livskvalitet og meistring
- Grøn omstilling
- Organisasjonsutvikling

Dei tre satsingsområda "vekstkraft og attraktive lokalsamfunn", "livskvalitet og meistring" og "grøn omstilling" representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet "organisasjonsutvikling" handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.



## Kven er vi?

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova "ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon". Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Det er *vi*, voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

## 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, og det er forventat at veksten skal halde fram. Volda og Ørsta er definert som ein økonomisk region. Det er korte avstandar og mykje pendling mellom dei to tettstadane, og fleire regionale funksjonar som sjukehus, høgskule, jordskifte, tingrett, Statens lånekasse, HELFO, vegstasjon og flyplass er lokalisert her. Samla sett utgjer Volda og Ørsta «den fjerde byen» i Møre og Romsdal fylke. For å styrke og vidareutvikle den regionale rolla må vi vere ein aktiv utviklar av lokalsamfunn som er attraktive for busetnad, næringsutvikling, handel og tenesteyting. Trygge og gode barnehagar og skular er ein viktig del av dette. Samarbeid på tvers av kommunegrenser er også avgjerande for å utvikle ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion.

Høgskulen i Volda er blant dei største utdanningsinstitusjonane mellom Bergen og Trondheim. Studentane, studentlivet og kompetansemiljøet på høgskulen har stor verdi både for lokalmiljøet og regionen, og gir Volda ein nasjonal posisjon. Sjukehuset er ein av dei største arbeidsplassane i kommunen, og er samtidig ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen.

Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon. Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenteret. Volda sentrum har fortettings- og transformasjonspotensiale, og må vidareutviklast til eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet. Det vil vere viktig å fortette med kvalitet, og ta i vare, framheve og utvikle viktige blågrøne strukturar, område for leik og opphald og element som gir Volda sentrum særpreg og identitet. Viktige sentrumsfunksjonar bør vidareutviklast og styrkast. Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus er lokalsentra Levande bygder er viktig for å sikre busetting i alle delar av kommunen. Dei er også viktige for å sikre framtida sin matproduksjon, for å utvikle kommunen som ein reise- og opplevingsdestinasjon og for lokalisering og utvikling av anna økonomisk aktivitet. Tenestetilbodet i lokalsentra bør bygge på kunnskap om framtidige tenestebehov og ressursbruk for berekraftige tenester.

Både krig, energikrise og synlege klimaendringar som varmebølger og tørke i Europa er vekkjarar for at landet bør sikre større grad av sjølvforsyning i eigen matproduksjon og stimulere til større og meir variert lokal produksjon. Det er viktig å sjå landbruksnæringa i samanheng med anna næringsutviklingsarbeid i kommunen, og legge til rette for vekst og utvikling. Også fjordbruk er ei verdifull næring i og for kommunen. God digital infrastruktur i heile kommunen er viktig for busetting og næringsutvikling og for å kunne sikre gode velferdstenester i framtida. Større vegprosjekt, som fjordkryssingar, ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene og opprusting av fv60 mellom Tomasgard og Røyarhus bru vil redusere reisetid, binde saman ulike delar av regionen og styrke kommunen sin regionale posisjon. Sjøvegen er også ein viktig transportåre, som har utviklingspotensiale. Det vil og vere viktig å sikre tilgang på mineralressursar for planlagt utbygging og utvikling.

I Volda kommune kan ein utforske storslåtte fjell, fiske på fjorden eller sjå etter sjøorm i Europas djupaste innsjø; Hornindalsvatnet. Reiselivsnæringa har eit potensiale for utvikling. Nye tilbod, aktivitetar og attraksjonar kan óg gjere lokalsamfunna meir attraktive, og auke busettinga. Å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom frivillige,

næringsliv, kommunen, nabokommunar og andre. Gjennom samskaping og samarbeid med ulike samfunnsbyggjarar skaper vi vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.

### 5.1.1 Hovudmål og delmål - Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Hovudmål	Delmål
Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.	Vi legg til rette for folk som vil busetje seg i kommunen gjennom å ha gode og nære barnehagar og skular, tilgjengelege bustader og ein variert arbeidsmarknad.
	Vi legg til rette for næringsutvikling og er ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike type bedrifter, organisasjonar og offentlege verksemder.
	Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet.
	Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar.
	Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne.
	Vi skal ha god teknisk og digital infrastruktur i heile kommunen.

### 5.2 Livskvalitet og meistring

For voldasamfunnet er det viktig at innbyggjarane og sektorane i kommunen tek aktiv del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å medverke til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet. Folkehelsearbeid handlar både om å fremme livskvalitet og trivsel, og om førebyggjande arbeid for å redusere risiko for sjukdom, funksjonsnedsetting, psykiske og sosiale problem. Det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar og frivillige er viktig for å sikre livskvalitet og meistring. Tiltak som fremjer mangfald og integrering er òg ein viktig del av dette arbeidet.

Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på egne evner, og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen. Volda kommune skal ha trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer.

Frivillige lag og organisasjonar er nokon av dei viktigaste samfunnsbyggjarane i eit lokalsamfunn, og har arenaer der både born, ungdom, vaksne og eldre kan lære, meistre, vere i aktivitet, skape og få til ting – saman. Frivillighet skaper engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt. «It take`s a village to raise a child» er eit gamalt afrikansk ordtak. Barn sin oppvekst krev ein felles innsats frå både familie, naboar, vener, barnehagen, skulen og samfunnet i vid forstand. Gjennom samarbeid og samskaping skal vi legge til rette for sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn der born får ein god oppvekst og vaksne trivst. Uformelle møteplassar og arenaer for leik, aktivitet og friluftsliv bidreg til auka fysisk aktivitet, kontakt mellom folk og meistringsopplevingar uavhengig av sosial tilhøyrse og alder.

Befolingsframskrivingane for Volda kommune viser at vi i tida framover får fleire eldre innbyggjarar og forsørgerbyrda vil auke. Aldersvenlege lokalsamfunn handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte utfordringane og moglegheitene knytt til ein aldrande populasjon. Eit aldersvenleg samfunn er eit samfunn der eldre mellom anna har reell moglegheit til å ferdast i og nytte nærmiljøet, kan bu heime lengst mogleg, har aktivitetar dei har lyst til å delta på og moglegheit til å kome seg dit, unngår einsemd og sosial isolasjon og kan delta og bidra som den ressursen dei er. Satsing på universell utforming og

tilgjenge i offentlege bygg, anlegg og uterom, inkludert gang-, sykkel- og kollektivløysingar, er ein del av dette.

Tidleg innsats inneber førebyggjande arbeid i tenestetilboda og handlar om å gi adekvat hjelp så tidleg som mogleg i eit menneske sitt liv før vanskanane vert komplekse og fastlåste. Tidleg inn kan vere tidleg i alder, men også tidleg i eit forløp. Med tidleg innsats kan vi unngå at utfordringane blir så store at det oppstår andre tilleggsutfordringar.

Tilgang til reint drikkevatt er ein føresetnad for god helse. Reint drikkevatt og god vasskvalitet er også ein viktig del av folkehelsearbeidet.

### 5.2.1 Hovudmål og delmål - Livskvalitet og meistring

Hovudmål	Delmål
Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap.
	Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggjande arbeid.
	Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.
	Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik og god tilgang til aktivitets- og friluftsområde.
	Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen.

### 5.3 Grøn omstilling

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor i dag. Grøn omstilling handlar om å bidra til å møte klima- og miljøutfordringane, både ved å redusere utslepp, og ved å tilpasse oss klimaendringane som vi veit kjem.

Vi har eit mål om at voldasamfunnet skal redusere sine direkte utslepp med minst 55 % innan 2030, samanlikna med referanseåret 2009. 2009 er anbefalt referanseår, då [Miljødirektoratet sin statistikk for klimagassutslepp](#) viser årleg utvikling for kommunane med tidsserie som går tilbake til 2009. Statistikken viser direkte utslepp innanfor kommunen sitt geografiske område, der direkte utslepp er det som fysisk skjer innanfor Volda kommune sine grenser; til dømes knytt til transport, avfallshandtering eller jordbruk.

Transportsektoren er ein av dei største utsleppskjeldene i Volda kommune. Eit lokalsamfunn med kort avstand mellom heim, barnehage, skule, arbeidsplass og daglege gjeremål reduserer trafikkmengda. I Volda sentrum er det moglegheiter for fortetting og transformasjon. Da er det viktig å fortette med kvalitet, og ta i vare blågrøne strukturar og område for leik og opphald. Korte avstandar mellom målpunkt gjer det også enklare for fleire å gå eller sykle i kvardagen. Å gjere det attraktivt å gå og sykle inneber å utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelveggar. Dei bilane som er igjen på vegane bør ha så lite utslepp som mogleg. Kollektivtilbodet har eit utviklingspotensial. Endring i reisemiddel vil kunne redusere klimagassutslepp, men også gje ein gevinst i lokale miljøforbetringar (reduert støy, støv mv.). Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel for å nå reduksjonsmålet. Gjennom å redusere transportbehovet og legge til rette for utsleppsfrie reiser vil utsleppa påverkast positivt. Gjennom å ta i vare karbonrike areal vil ein også auke klimagassopptaka.

Det meste av energien vi nyttar lokalt kjem frå vasskraft og er fornybar, men når fossil energi skal fasast ut og samfunnet i større grad skal elektrifiserast trengst stadig meir fornybar kraft. Det ligg eit potensiale i å nytte fleire og andre fornybare energikjelder, som til dømes solkraft, jord- og sjøvarme og biogass. Forbruket av energi er også unødig høgt, mange bygningar nyttar til dømes meir energi enn nødvendig. Energieffektivisering av bygg kan mellom anna handle om smartare straumstyring, betre isolasjon, utnytte solvarme, varmegjenvinning og energieffektiv belysning.

Produksjon av varer fører til utslepp av klimagassar, mikroplast og miljøgifter. I ein sirkulær økonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt og så lenge som mogleg, i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Når vi til dømes kjeldesorterer avfall er vi med på å ta vare på ressursane, slik at dei kan brukast på nytt. Samtidig er lågare forbruk naudsynt for å redusere utsleppa.

Det er kritiske suksessfaktorar at både kommunen som organisasjon og heile voldasamfunnet er villige til å ta konsekvensane av kva eit fastsett klimamål faktisk inneber. Er vi villig til å investere i miljøvenlege produkt og tenester, leggje offentlege institusjonar og bustadfelt langs kollektivaksane, nytte meir kollektivtransport, røyve oss meir fysisk i staden for å køyre, reise mindre og gjenbruke meir? Kunnskapsdeling, god informasjon og haldningsskapande arbeid er også ein viktig del av arbeidet som må til for å nå måla.

Uansett om vi klarer å redusere utsleppa vil klimaet halde fram med å endre seg. Her lokalt kan vi vente oss vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, regnflaum, skred og stormflo i åra framover. Klimatilpassning handlar om å gjere samfunnet i stand til å handtere klimaendringane. Det inneber mellom anna å bygge hus, vegar og anna infrastruktur slik at det toler framtidens klima. Klimaendringar, meir ekstremver og fortetting gjer at større mengder overvatn skal handterast samtidig. I tettbygde strom må vi legge til rette for og prioritere naturbaserte overvassløysingar som bekkeopning og drenerande flater. Vi ynskjer å nytte blågrøn faktor som eit verkty for å sikre at vegetasjon og ulike løysingar for open overvasshandtering vert teke inn tidleg i planlegginga av byggeprosjekt.

Ein viktig føresetnad for å nå FN sine berekraftsmål er å ta i vare natur og artar. Vi er avhenging av naturen for å ha ein velfungerande økonomi, for å ha levebrød, mattryggleik og god helse. Endring i arealbruk er den største trusselen mot biologisk mangfald. Ved å vere ein arealnøytral kommune vil vi redusere tap av natur. Å vere arealnøytral vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må vi først ta ut gamle, avsette, men unyttta utbyggingsareal. Det betyr at vi ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel må vurdere alle ubebygde areal i kommuneplanen på nytt.

### 5.3.1 Hovudmål og delmål - Grøn omstilling

Hovudmål	Delmål
Voldasamfunnet skal redusere klimagassutsleppa, og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.	Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt.
	Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, friluft- og landbruksverdiar.
	Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på låg energibruk og låge klimagassutslepp ved nye utbyggingar.
	Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi.
	Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane.

## 5.4 Organisasjonsutvikling

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde som er forankra i kommunen sine verdier Raus – Modig – Kompetent – Lærande. Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistar, trivest og får nytta ressursane sine.

Ei meistringsorientert leiing har ein tydeleg retning med definerte roller, krav og mål og ein tydeleg meining, der ein motiverer og inspirerer til måloppnåing. Ei meistringsorientert leiing gir også individuell merksemd og støtte.

I eit arbeidsmiljø med godt meistringsklima blir tilsette motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Ein har også god delingskultur. I eit arbeidsmiljø med stor grad av meistringstru har kvar enkelt tilsett tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng.

Volda kommune er ein stor arbeidsplass med mange tilsette i ulike fagområde. Kommunen har ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar, samtidig som ein arbeider for å tilby innbyggjarane gode tenestetilbod. Volda kommune sin økonomi er utsett, med pressa drift, høg lånegjeld og framleis trong om store investeringar. Det er viktig at politikarar, innbyggjarar og administrasjon har felles kunnskap om situasjon og utfordringar, og at lokaldemokratiet meistar å prioritere ressursbruken i eit langsiktig og heilskapleg berekraftperspektiv. Eit levande lokaldemokrati med aktive borgarar er viktig for det samla norske demokratiet. Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

### 5.4.1 Hovudmål og delmål - Organisasjonsutvikling

Hovudmål	Delmål
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner.
	Meistringsorienterte leiingar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru.
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar.
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.
	Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar.
	Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste.

## 6 Indikatorar

For å sjå om utviklinga går i ynskja retning skal kommunen fylgje med på indikatorar knytt til satsingsområda. Indikatorane og måltal for kvar enkelt indikator skal takast inn og synleggjerast i økonomiplanen. Vurdering av om utviklinga går i ynskja retning skal fylgjast opp i den årlege økonomiplanprosessen, og leggast til grunn for eventuelle justeringar i budsjett og handlingsdel.

Fylgjande indikatorar er valt som utgangspunkt:

### Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

- Arbeidsplassdeking

- Jordbruksareal i drift
- Befolingsutvikling
- Befolkning og verksemdar i Volda sentrum
- Besøk i folkebibliotek og kino
- Aktive Aktivitetsvennar
- Tal søknader til tilskotsordningar kulturmidlar
- Idrett: Aktivitetsandel
- Tilsette i overnattings- og serveringsverksemd
- Turisme: overnattingar og kommersielle bedrifter
- Breibandshastighet

### **Livskvalitet og meistring**

- Heimebesøk etter fødsel
- Fristbrot i undersøkingssaker
- Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta
- Del elevar med spesialundervisning
- Trivsel i grunnskulen
- Gjennomføring vidaregåande opplæring
- Låginntektsfamiliar
- Langtidsmottakarar sosialhjelp
- Sosialhjelpmottakarar med born
- Brukarundersøking: Fornøgd med helse- og omsorgstenestene
- Førebyggjande heimebesøk 80-åringar
- Del 80 år og eldre på grunnkrins
- Einsemd, ungdom
- Depressive symptom, ungdom
- Helsetilstand, overvekt og fedme
- Helsetilstand, muskel og skjelett
- Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar
- Innvandrarar i arbeid
- Tal søknader til tilskotsordning leike- og aktivitetsområde

### **Grøn omstilling**

- Klimagassutslepp
- Utslepp frå veitrafikk
- Offentlege ladepunkt og kommunale nullutsleppskøyrety
- Årsdøgnstrafikk, sykkel
- Km tilrettelagt for syklende
- Omdisponert dyrka jord
- Våtmark
- Økologisk tilstand overflatevatn
- Energibruk og energikostnadar kommunale bygningar
- Avfall levert til materialgjenvinning
- Miljøfyrtårnsertifisering
- Beredskapsplan, beredskapsøving og beredskapsrapportering

### **Organisasjonsutvikling**

- Rolleklarheit (10-faktor)
- Meistringstru (10-faktor)

- Meistringsorientert leiing (10-faktor)
- Meistringsklima (10-faktor)
- Økonomiplan, åsbudsjett
- Sjukefråvær
- Heiltidsandel
- Valdeltaking
- Elevdemokrati og medverknad
- Bruk av heimesida
- Engasjement rundt politiske møter
- Følgjarar i sosiale media

Aktuelle kjelder til statistikk/data:

- KOSTRA
- [SSB](#)
- [Kommnehelsa statistikkbank](#)
- [Folkehelseprofilen](#)
- [Oppvekstprofilen](#)
- [Bufdir sin kommunemonitor](#)
- [KS: Norge i tall](#)
- [Elevundersøkinga](#)
- Foreldreundersøkinga
- [Norsk idrettsindeks](#)
- [IMDi](#)
- Bedre kommune
- [Miljødirektoratet](#)
- [Miljøfyrtårn](#)
- [Vann-nett](#)
- [Trafikkdata](#)
- [Ekomstatistikken](#)
- Økonomiplan/årsbudsjett
- Intern statistikk/data

## 7 Arealstrategiar

Dei overordna arealstrategiane følgjer opp målsettingane i samfunnsdelen og gir føringar for kommunen sin arealbruk i eit langsiktig perspektiv. Planlegging og utbygging skal legge vekt på utvikling av kompakte lokalsamfunn, og legge til rette for aktive og sosiale kvardagsliv. Transportplanlegginga skal prioritere mobilitet til fots, sykkel og med kollektivtransport. Dette vil imøtekome målsettingar om å redusere klimagassutslepp, og bidra til eit meir aktivt, inkluderande og aldersvenleg samfunn. Samtidig som samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vil redusere transportbehovet, vil det også redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde. Dette er viktig for å sikre viktige landbruks-, natur- og friluftslivsområde. Strategiar for lokalisering av arbeidsplassar, bustadar, reiseliv og næringsareal vil bidra til å styrke den regionale posisjonen og bygge opp om kommunen som ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion. Arealstrategiane skal leggest til grunn ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel og framtidige forslag om regulering og utbygging.

### Universell utforming

- Universell utforming skal takast i vare i planlegging, nybygging og rehabilitering av alle bygningar, anlegg og uterom, inkludert gang-, sykkel- og kollektivløysingar.

### Hovudsenter

- Volda sentrum skal ha funksjon som hovudsenteret i kommunen, og prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum med urbane kvalitetar. Hovudsenteret skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.
- Volda sentrum sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Offentlege regionale funksjonar skal lokaliserast til indre og midtre sentrumssone.
- Detaljhandel, hotell, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemder skal i hovudsak lokaliserast til indre sentrumssone.

### Lokalsentre

- Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus er lokalsentre. Lokalsentra skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda tettstad skal lokaliserast til lokalsentra.
- Mork-Furene skal ha funksjon som regionalt knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer.



### Fortetting

- Vi skal prioritere fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen og eksisterande utbyggingsområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
- Fortettingsprosjekt i Volda sentrum skal legge høg vekt på estetisk og arkitektonisk kvalitet, bidra til aktive gaterom og ha høg kvalitet på felles uteområde.

### Bustadområde

- Vi skal sikre mangfald og variasjon i bustadtilbodet, ta i vare bustadsosiale omsyn og legge vekt på god bukvalitet, inkludert gode felles uteopphaldsareal, møte- og leikeplassar i buområda.



### Offentlege og regionale funksjonar

- Vi skal sikre areal til vidareutvikling og nyetableringar av offentlege og regionale funksjonar.
- Vi skal sikre tilstrekkeleg areal for barnehagar og skular, inkludert gode uteareal.

### Nærings- og produksjonsareal

- Volda kommune skal ha tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal vere knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport, eller vere sjønært. Områder avsett til næringsformål skal ha høg arealutnytting.
- Vi skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk.
- Vi skal ta i vare dyrka og dyrkbar mark. Omdisponering av dyrka mark skal vere minst mogleg. Omdisponert dyrka eller dyrkbar mark skal ha høg utnyttingsgrad. I perioda 2022-2034 kan maksimalt 15 daa dyrka mark omdisponerast etter jordlova frå LNF til bustad, fritidsbustad, næringsformål, samferdsel eller andre formål som setter landbruket til side.

### Møteplassar

- Offentlege uterom, torg, møteplassar og rekreasjonsareal i sentrumsområda, bustadområda og på forretnings-/næringsområda skal fremme aktivitet og deltaking, vere tilgjengeleg for alle og utviklast med høg kvalitet og variert innhald.

### Natur- og friluftsområde

- Vi skal sikre og utvikle viktige natur- og friluftslivsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Vi skal ta i vare verdifulle naturtyper og biologisk mangfald.
- Ålmenta si moglegheit for ferdsel og aktivitetar langs fjorden og blågrøne strukturar frå fjord til fjell skal sikrast og styrkast.

### Reiseliv og kulturmiljø

- Vi skal sikre areal til og vidareutvikle overnattingsstilbodet i Volda sentrum, Grodås og Bjørke og legge til rette for reiseliv i heile kommunen.
- I Hjørundfjorden skal naturverdiar, friluftsliv og grønn turisme prioriterast.
- Vi skal sikre viktige kulturmiljø og kulturminne, inkludert verdifulle setremiljø.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde eller verdifulle setremiljø.

### Transport og infrastruktur

- Vi skal sikre og prioritere gode, samanhengande og trygge gang- og sykkelvegforbindelsar spesielt i tettstadene og lokalsentra. Snarvegar skal ikkje sperrast eller innsnevrast. I Volda sentrum skal mjuke trafikantar prioriterast framfor gods- og personbiltrafikk.
- Parkering i Volda sentrum skal primært konsentrerast og løysast med fellesanlegg.
- Vi skal utvikle gode koplingar for gåande og syklande mellom høgskuleområdet og andre funksjonar i Volda sentrum.
- Vi skal utvikle Volda sentrum, Furene og Grodås som regionale kollektivknutepunkt og styrke tettstadene, lokalsentra og bygdene med betre kollektivtilbod.
- Vi skal sikre moglegheit for ladepunkt ved offentlege bygningar, i sentrum og i lokalsentra.
- Vi skal sikre trygge og gode kommunikasjonar i regionen og heile kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Vi skal legge til rette for klima- og miljøvenleg sjøtransport.
- Det skal sikrast fiber/breiband og telekommunikasjon i heile kommunen.

### **Støy**

- I raud støysone er det ikkje tillate med støyfølsame bruksformål, jf. T-1442
- Det kan tillatast støyfølsam bruksformål i gul støysone, dersom alle bueiningar har minst ein stille side.

### **Arealnøytralitet og karbonrike areal**

- Vi skal vere ein arealnøytral kommune. Det vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må kommunen først ta ut gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal.
- Vi skal unngå utbygging på areal med store karbonlagre (myr og høybonitet skog).

### **Massar og mineralressursar**

- Vi skal legge til rette for uttak av mineralressursar, mottak, gjenvinning og deponering av massar for planlagt utbygging og utvikling i kommunen.
- Vi skal prioritere sirkulær masseforvaltning, inkludert størst mogleg gjenbruksandel av massar.


### **Samfunnstryggleik og klimatilpasning**

- Institusjonar med krav til utrykkingstid skal ikkje plasserast utanfor tettstadane.
- Utsett bebyggelse og transportinfrastruktur skal sikrast mot flaum, ras, skred, havnivåstigning og andre uønska hendingar. Nye utbyggingsområde skal lokalisert og utviklast slik at dei er tilpassa konsekvensar av klimaendringane og sikra mot uønska hendingar.
- Vi skal ta i vare samanhengande blågrøne strukturar, sikre flaumvegar, opne flest mogleg lukka vassvegar og handtere overflatevatn lokalt.
- Vi skal fortrinnsvis ha naturbaserte, opne og lokale løysingar for klimatilpasning.
- Vi skal sikre blågrøn faktor på minst 0,7 i nye utbyggingsprosjekt som inkluderer bustad i tettstadene Volda, Grodås, Mork og andre tettbygde område. Utrekningane skal gjennomførast i samsvar med Oslo kommune sin «Norm for vegetasjon og vannhåndtering».
- I utbyggingsprosjekt for andre arealformål skal det settast krav om blågrøn faktor i reguleringsplan.
- Vi skal følge NVE sin tretrinnsstrategi for overvasshandtering i reguleringsplanar og større utbyggingstiltak. Trinn 1 skal handtere 90 % normalnedbør, trinn 2 skal handtere 5-års flaum og trinn 3 skal handtere 200-års flaum. Ved utrekning av nedbørs- og vassmengder skal det nyttast eit klimapåslag på 40 %

## **8 Oppfylging og strategiar for å lukkast**

### **8.1 Oppfylging av kommuneplanen**

Prioriterte satsingsområde og målsettingar i samfunnsdelen skal fylgjast opp og konkretiserast “nedover” i plansystemet; i kommunedelplanar, temaplanar og anna planarbeid, til konkrete tiltak i økonomiplan og budsjett. Arealstrategiane skal leggjast til grunn for all arealplanlegging i kommunen. Indikatorane og måltal for kvar enkelt indikator skal takast inn og synleggjerast i økonomiplanen, og ei vurdering av om utviklinga går i ynskja retning skal fylgjast opp i den årlege økonomiplanprosessen. Ved å synleggjere kommuneplanen sin samfunnsdel i anna planarbeid forsterkar ein “den raude tråden”, og sikrar faktisk oppfylging av samfunnsdelen som kommunen sitt overordna politiske styringsdokument.



Den raude tråden i plansystemet.

## 8.2 Helse i alt vi gjer

Befolkninga si helse og livskvalitet, og ei rettferdig fordeling av denne, er avgjerande for berekrafta i eit samfunn. Demografiske endringar og framtidige offentlege utgifter, særleg til helse- og omsorgssektoren, utfordrar ein velferdsstat som er berekraftig. For å møte desse utfordringane er folkehelsearbeidet av stor betydning.

Helse er å meistre kvardagens krav. Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betre og fremje innbyggjarane si helse, ved å fjerne eller redusere faktorar som fører til sjukdom eller styrke faktorar og aktivitetar som fører til god helse. God helse er viktig for den enkelte. I tillegg er det samfunnsøkonomisk gunstig. Ressursprioriteringa i helsetenesta har historisk vore prega av reparasjon, men i eit lengre perspektiv er førebygging meir samfunnsøkonomisk gunstig enn reparering. Barn og unge sine oppvekstmiljø og levekår påverkar og har betydning både for deira noverande og framtidige helse og livskvalitet. Å satse på tidleg innsats, helsefremjande og førebyggjande arbeid vil difor vere avgjerande for å sikre at vi i framtida har ei frisk befolkning som bidreg til høg sysselsetningsgrad.

I følgje Verdas helseorganisasjon (WHO) er det berre ti prosent av befolkninga sine helseproblem helsetenesta kan gjere noko med. Dei resterande 90 prosentane vert påverka av tilhøve utanfor helsetenesta (oppvekst, barnehage, skule, butilhøve, kultur- og næringsliv, arbeidsliv, frivillig sektor mv.). Difor er det også avgjerande at alle sektorane i kommunen tek aktiv del i folkehelsearbeidet. Alle kommunale tenester har eit ansvar for å legge til rette slik at alle innbyggjarane skal kunne meistre liva sine og få nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg.

Universell utforming er det å planlegge produkt, omgjevnader og tenester på ein slik måte at dei kan nyttast av så mange menneske som mogleg på ein likeverdig måte. Verdigrunlaget for universell utforming er å legge til rette for at alle skal ha like moglegheiter for personleg utvikling, deltaking i samfunnet og å utfalde seg. Målet med universell utforming er å fjerne eller redusere barrierar som

hindrar deltaking. Særleg viktig er tilgjenge til utdanning, arbeid, kultur og offentlege rom. Eit samfunn der alle kan delta er ein viktig del av folkehelsearbeidet.

Fleire av dei konkrete hovud- og delmåla i denne planen er knytt direkte til folkehelsearbeidet. Samtidig handlar folkehelse om førebyggjande arbeid innan alle kommunen sine verksemdar, og det er avgjerande at vi tenkjer "helse i alt vi gjer". Folkehelse er difor eit overordna og førande prinsipp for heile planen.

### 8.3 Samskapingskommunen

Før i tida var kommunekontoret ein plass der innbyggjarar kom med hatten i handa. Det var få tilsette i kommuneadministrasjonen. Dei var opptekne av å fylgje lover og reglar, og la vekt på å handle rettferdig og korrekt. I takt med utviklinga av velferdsamfunnet utvikla også kommunane seg. Kommunane blei meir opptekne av å yte service og kome i møte innbyggjarane sine ynskjer og krav. Kommunane blei i større grad servicekommunar, og ansvarsområda vaks. Nå ser vi at ei ny forståing av kommunen si rolle er i ferd med å utvikla seg, og fleire nyttar omgrepet «den samskapande kommunen». I den samskapande kommunen er målet at kommunen skal bli ein enda betre lagspelar med innbyggjarane og andre aktørar i samfunnet.

**Samskaping** er når tilsette, politikarar, næringsliv og innbyggjarar utviklar og gjennomfører nye løysingar saman.



#### Kommune 1.0 Formyndarkommunen

Kommunen bestemmer  
"ovanifrå og ned".



#### Kommune 2.0 Servicekommunen

Brukaren bestemmer.  
Kommunen ber deg  
gjennom livet.



#### Kommune 3.0 Samskapingskommunen

Vi finn løysingar saman.  
Kva kan vi få til  
i fellesskap?

Utvikling av kommunane.


Ein kommune er både ein stad og ein organisasjon. For å utvikle eit levande lokalsamfunn krevjast det at ein ser kommunen som stad – ikkje berre som organisasjon. Nye løysingar må utviklast av ei breiast mogleg oppfatning av eit «vi» på staden. Verda og samfunnet er i endring. Fleire eldre, klimaendringar, sosial ulikskap og ein strammare økonomi gir nye utfordringar og moglegheiter. For å møte framtidens utfordringar må vi våge å tenkje nytt og innovativt, teste ut nye metodar, verkty og samarbeidsformar. Samskaping er når kommunen utviklar og gjennomfører løysingar saman med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar, lag og organisasjonar eller andre. Samskaping bygger på kunnskap, ressursar og

kompetanse frå innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar, bedrifter, sosiale entreprenørar og representantar frå kommunen. Kommunen går frå å utvikle løysningar og tenester for nokon, til å utvikle og produsere løysningar og tenester saman med nokon (sivilsamfunnet). Eit godt samfunn, gode kvardagsliv, skapast i samarbeid mellom kommune, næringsliv, innbyggjarar, nabokommunar og andre. Samskaping er ikkje noko nytt, det finst mange gode døme på dette i Volda kommune. Men målet er at vi skal bli enda betre. Volda kommune ynskjer å bruke samskaping aktivt som metode for å utvikle lokalsamfunnet, løyse konkrete utfordringar og arbeide i lag mot felles mål.

**Kva trur du vi samskaper om i framtida?** Sjå filmen [Samskapingsskolen](#)

## 8.4 Innovasjon og digital transformasjon

For å møte utfordringar knytt til veksande arbeidsoppgåver og aukande kompleksitet i forvaltninga må kommunane tenkje nytt og løyse samfunnsoppdraget på nye måtar. På 2000-talet snakka ein om digitalisering av tenester og prosessar. Eksisterande praksis vart automatisert, standardisert og effektivisert. Dei seinare åra har omgrepet “digital transformasjon” utvikla seg. Digital transformasjon krev ei heilskapleg tilnærming og at ein klarer å sjå ting på nye måtar. Eit relevant spørsmål ein kan stille seg i den digitale transformasjonen er; Korleis kan vi løyse samfunnsoppdraget vårt betre?



Frå EDB til digital transformasjon.

Medan digitalisering i figuren under er plassert nedst i digitaliseringstrappa og kan forklarast som å “setje straum på papir”, er digital transformasjon plassert høgare opp i trappa, og kan beskrivast som ein prosess, ein stor endring og ein redesign av verksemda på alle nivå.

I den digitale transformasjon er brukaren og brukaropplevinga av dei viktigaste komponentane. Brukarane må settast i sentrum og involverast ved utvikling og forvaltning av tenestene. Innovasjon er også ei viktig brikke; å kunne sjå på dagens utfordringar med nye auge, finne nye tilnærmingar og tore å eksperimentere og feile. Digital teknologi er eit verkty i den digitale transformasjonen.

Transformasjonen er digital når den er bygd på digital teknologi, men digital transformasjon krev ei heilskapleg tilnærming. Målet er ikkje digitalisering i seg sjølv, men å nytte digital teknologi som eit av fleire verkty for å løyse oppgåver på andre måtar.

På nokre område har Volda kommune teke nokre steg opp i digitaliseringstrappa, medan på andre område er vi framleis på nedste trinn. For å møte framtidas utfordringar må vi jobbe for å auke kommunen si digitale modenheit, og kome lengre opp i digitaliseringstrappa. Under satsingsområda i samfunnsdelen er ikkje digitalisering sett opp som ei målsetting i seg sjølv, vi skal ikkje digitalisere for å digitalisere. Men digital transformasjon er ein måte vi skal jobbe på, ein strategi, som skal hjelpe oss til å nå målsettingane.

DIGITAL TRANSFORMASJON

DIGITALISERING



Digitaliseringstrappa. Figur omarbeida frå kommunett.no.